



Arkivnr: 2018/368-8

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for kultur, idrett og regional utvikling		21.08.2018

### Rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar i Den kulturelle skolesekken

#### Samandrag

#### Tidlegare sak

KIRU handsama sak om justering av dagsatsar for utøvarar som gjer oppdrag i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen 15. november 2017 (arkivnr. 2017/1892-31). Følgjande vart vedtatt:

1.	Utvil for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å oppjustere dagsatsane for utøvarar som turnerer i Hordaland i samband med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen med 4,9%.
2.	Ny dagsats for lønsmottakarar: kr 3035,-. Ny dagsats for sjølvstendig næringsdrivande: kr 3899,- Timesats for avtalt førearbeid for lønsmottakarar: kr 463,- Timesats for avtalt førearbeid for sjølvstendig næringsdrivande: kr 594,-.
3.	I påvente av ferdigstilt prosess der KS forhandlar samla for fylkeskommunane, får fylkesrådmannen fullmakt til å justere satsar i samsvar med ordinær løns- og prisstigning.

#### Ny Rammeavtale

På forsommaren i år inngjekk KS og Mfo (Musikernes fellesorganisasjon) ei rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar i Den kulturelle skolesekken. I A-rundskriv ASA 4401 *Rammeavtale om vilkår for oppdragstakere i Den kulturelle skolesekken i fylkeskommuner og kommuner* tilråd KS fylkeskommunar og kommunar å legge vilkåra i rammeavtalen til grunn ved inngåing av individuelle avtalar om oppdrag i Den kulturelle skolesekken. Avtalen er ikkje ein tariffavtale, og må derfor vedtakast i kvar fylkeskommune/kommune. Etter vedtak vil avtalen gjelde frå 1. august 2018.

Det er både små og store skilnader mellom den nye rammeavtalen og den førre, Fylkesrådmannen peiker særskild på endringar i økonomiske vilkår.

**Økonomi:** Hordaland fylkeskommune får tildelt spelemidlar frå Kulturtanken til kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Saka er knytt til bruk av desse midlane.

**Klima:** Saka vil ikkje bety noko for klima.

**Folkehelse:** Kultur bidreg til betre folkehelse, men saka i seg sjølve vil ikkje bety noko for dette.

**Regional planstrategi:** Kunst- og kulturformidling i skulen er del av Hordaland fylkeskommune sin regionale kulturplan.

## Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å legge ASA 4401 *Rammeavtale om vilkår for oppdragstakere i Den kulturelle skolesekken i fylkeskommuner og kommuner* til grunn for inngåing av individuelle avtalar med oppdragstakarar i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen.
2. Oppdragstakar kan velje å ta oppdraget som næring eller som frilans lønsmottakar. Oppdrag som næring vert honorert etter satsar som går fram av rammeavtalen. Oppdrag som frilans lønsmottakar vert honorert etter satsar som går fram av rammeavtalen, redusert tilsvarende arbeidsgjevaravgifta.
  - Dagsats næring: kr 4500,-
  - Timesats førearbeid/preproduksjon næring: kr 625,-
  - Dagsats frilans lønsmottakar: kr 3945,-
  - Timesats førearbeid/preproduksjon frilans lønsmottakar: kr 548,-.
  -
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjøre justeringar som følge av eventuelle endringar i vilkåra og satsane i rammeavtalen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 29.06.2018

### Tidlegare sak

KIRU handsama sak om justering av dagsatsar for utøvarar som gjer oppdrag i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen 15. november 2017.

Hordaland fylkeskommune nyttar rammeavtale for oppdrag i Den kulturelle skolesekken i arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen, ei avtale som mellom anna omfattar løn/honorar, omfang og forsikring.

I september 2017 publiserte KS eit skriv der fylkeskommunane vart oppmoda til å oppjustere satsane i avtalen med 4,9%. Fylkeskommunane hadde innleia samarbeidsprosess med KS med intensjon om at KS skulle forhandle samla på vegne av fylkeskommunane om framtidige vilkår og satsar i Den kulturelle skolesekken. I påvente av avklaring mellom KS og fylkeskommunane gjorde KIRU følgjande vedtak:

1.	Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å oppjustere dagsatsane for utøvarar som turnerer i Hordaland i samband med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen med 4,9%.
2.	Ny dagsats for lønsmottakarar: kr 3035,-. Ny dagsats for sjølvstendig næringsdrivande: kr 3899,- Timesats for avtalt førearbeid for lønsmottakarar: kr 463,- Timesats for avtalt førearbeid for sjølvstendig næringsdrivande: kr 594,-.
3.	I påvente av ferdigstilt prosess der KS forhandlar samla for fylkeskommunane, får fylkesrådmannen fullmakt til å justere satsar i samsvar med ordinær løns- og prisstigning.

### Ny Rammeavtale

På forsommaren i år inngjekk KS og Mfo (Musikernes fellesorganisasjon) ein rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar i Den kulturelle skolesekken. I A-rundskriv ASA 4401 *Rammeavtale om vilkår for oppdragstakere i Den kulturelle skolesekken i fylkeskommuner og kommuner* tilråd KS fylkeskommunar og kommunar å legge vilkåra i rammeavtalen til grunn ved inngåing av individuelle avtalar om oppdrag i Den kulturelle skolesekken. Avtalen er ikkje ein tariffavtale, og må derfor vedtakast i kvar fylkeskommune/kommune. Etter vedtak vil avtalen gjelde frå 1. august 2018.

Rammeavtalen er eit resultat av eit ønskje om ei sentral regulering av vilkåra for utøvarar i DKS som er oppdragstakarar/sjølvstendig næringsdrivande. Problemstillinga om kor vidt utøvarane som vert engasjerte er oppdragstakarar eller arbeidstakarar, vert ikkje løyst med denne avtala. Avtalen gjeld heller ikkje når oppdraget vert ivaretake av ein institusjon.

Sjølv om rammeavtalen er inngått mellom KS og Mfo, tilrår KS at den vert lagt til grunn ved inngåing av individuelle avtalar med alle oppdragstakarar i DKS, innan alle uttrykk.

Det er både små og store skilnader mellom den nye rammeavtalen og den førre, Fylkesrådmannen vil særskilt peike på eit sentralt punkt, økonomiske vilkår.

### Økonomiske vilkår

Honorar pr. formidlingsdag: kr 4500,- Dette er om lag 15% høgare enn tidlegere dagsats.

Honorar for møter og føreabeid/ preproduksjon avtalt med oppdragsgjevar: kr 625 pr. time for faktisk nytta tid. For innkalla produksjonsprøver skal det betalast honorar for minst 4 timer for kvart frammøte. Satsen er høgare enn satsen i førre rammeavtale, og minimum tal timer det skal betalast honorar for er auka frå 2 til 4 timer.

Turnére aleine: På turnéar der utøvar av konsertar, scenekunst eller dans som reiser og speler/formidlar aleine (jamfør. punkt 12, 1 og 2 i ny rammeavtala), skal utøvar ha eit tillegg på 20%. Tidlegare har utøvarar på turné aleine gjennom Hordaland fylkeskommune sitt program i skulen ikkje fått slikt tillegg.

### **Skulekonsertordninga**

Musikarar i skulekonsertordninga som var eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Kulturtanken (tidlegare Rikskonsertane) fekk eit høgare honorar enn utøvarar innan andre uttrykk (kr 4093,-), jamfør tariffavtale mellom Mfo og Rikskonsertane, vidareført av Kulturtanken. Musikarar med meir enn 200 speledagar fekk høgare honorar enn andre musikarar (kr 4798,-), jamfør same avtale.

Skulekonsertordninga er avvikla, og musikk vert no handsama på lik line med andre uttrykk i Den kulturelle skolesekken.

### **Oppdrag som næring eller som frilans lønsmottakar**

Hordaland fylkeskommune har tildegar gitt utøvarar i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen høve til å velje om dei vil vera sjølvstendig næringsdrivande eller lønsmottakarar, noko også tariffavtalen mellom Mfo og Rikskonsertane la opp til. Rammeavtalen gjeld som nemnt berre sjølvstendig næringsdrivande, og ein må såleis vurdere om ein no skal gå bort frå tilbodet om å vera lønsmottakar.

Oslo kommune har etter at den nye rammeavtalen vart forhandla fram gått bort frå å tilby sine utøvarar å vera lønsmottakarar. Dei har gjort ei berekning med referanse til Lov om folketrygd (folketrygdlova), <https://www.nav.no/retnskildene/Rundskriv/1-9-frilanser>, for utøvarar som ønskjer automatisk skattetrekk. Med bakgrunn i denne har dei berekna satsen for frilans lønsmottakar som honoraret jamfør rammeavtalen, redusert tilsvarende arbeidsgjevaravgifta;

Dagsats næring: kr 4500,-

Timesats førearbeid/preproduksjon næring: kr 625,-

Dagsats frilans lønsmottakar: kr 3945,-

Timesats førearbeid/preproduksjon frilans lønsmottakar: kr 548,-

Vilkåra i rammeavtalen gjeld uavhengig av om ein tar oppdraget som næring eller som frilans lønsmottakar. Fylkesrådmannen rår til at Hordaland fylkeskommune følgjer same praksis som Oslo kommune.

### **Meirkostnader med ny avtale**

Det rår uvisse rundt sider av rammeavtalen og bruk av denne. Dette vil truleg falle på plass i løpet av hausten. Rammeavtalen er eit resultat av eit ønske om tilnærma lik praksis for alle fylkeskommunar, og fylkesrådmannen rår derfor til at ny rammeavtale vert implementert.

Det er vanskeleg å gje ei eksakt vurdering av korleis dei nye honorarsatsane vil verka inn på det samla tilbodet til elevane. Kulturtilbodet er finansiert av spelemidlar, og fordelinga er avhengig av spelemiddelnøkkelen og det årlege overskotet til Norsk Tipping.

Vidare er honorarsatsane berre eit av dei mange parameter som verkar inn på dei samla kostnadene. Desse varierer til dømes med kva omfang eit tilbod har, kor mange elevar pr oppsetting, utgiftar til utstyr, transport av elevar og eventuell leige av lokale. Fylkesrådmannen reknar med at innføring av dei nye satsane vil medføra meirkostnader på mellom 1 og 1,5 millionar pr skuleår. Dette vil sjølv sagt påverka det samla tilbodet, men det treng ikkje innebera tilbod til færre elevar dersom innsparingar kan takast på andre område knytt til det samla tilbodet.

Likevel vil fylkesrådmannen peika på at det ikkje er tvil om at dei nye honorarsatsane gjev ei monaleg auke i kostnadene for utvikling av kunst- og kulturtilbod til skulen. Dette bør kompenserast ved at Den kulturelle skolesekken får tilført meir spelemidlar i framtida.